

ÅRSMELDING FRÅ STYRET I FØRDE IL HANDBALL – 2008

Styret har vore samansatt av:

Leiar:	Tor Opseth
Kasserer:	Dagfinn Vik
Styremedlem:	Runa Berget
	Jan Erik Odden
	Eva Moberg
	Bente Marie Flølo

Gjennom året har det vore 7 styremøte, gjennomført fleire oppmanns-/utvalsmøte, samt deltatt på ulike møter i regi av region og i Førde Idrettslag. Det har vore jobba med fleire store og viktige saker, og kan m.a. nemne: leigeprisar, hallproblematikk, landsskyttarstemnet, marknadsarbeid...

Fylgjande personar frå Førde IL – Handball er tillitsvalde i NHF / Region Vest Norge:

- Oddny Sønnesyn, nestleiar regionsstyret
- Arvid Andenæs, medlem kontrollkomiteen
- (Øyvind Indrebø, tilsett i NHF – utdanning, instruktør)

Sportsleg:

Den sportslege aktiviteten gjennom sesongen 2007/08 har vore på nivå med førre sesong. Det har vore ei positiv utvikling på alle nivå med gode prestasjonar gjennom sesongen. Gledelig var det at J12, J13 og J15 vann sine seriar, og at målsettingane for den unge seniorgruppa vart innfridd ved å behalde plassen i 3 divisjon damer. Vi har hatt fleire lag på ulike turneringar, med gode resultat. Til inneverande sesong (08/09) har vi meldt på 21 lag i regionsserien + mini handball. Det var ved utgangen av året registrert 351 medlemmar/aktive.

Fleire av trenarane har vore på kurs, samt at vi har fått 3 nye dommaraspirantar dette året. Dette er vi svært tilfreds med, og vil også for framtida vere fokusert på å legge forholda godt tilrette for å auke kompetansen i gruppa gjennom vidareutdanning og kursverksemd.

Økonomi:

Rekneskapen for 2008 viser ei samla inntekt på kr. 919.058,- og utgifter på kr. 914.668,- som gjev eit overkott på kr. 4.390,-. Rekneskapet skal reviderast for seinare godkjenning i FIL sitt årsmøte. Største utgiftsposten er som før; leige av idrettshallen i Førdehuset med stort kr. 306.283,-. Styret har inkludert Idrettslaget vedr. hallproblematikken og leigeprisar, og vi har i fellesskap spelt inn merknadar til kommunedelplanen for idrett og friluftsliv.

Økonomiansvarlege har arbeida godt på inntektssida der ein m.a. har fornya avtalen med vår hovudsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane, og det er inngått ny utstyrsavtale med Sporten Førde Sport AS. Vi er godt nøgd med dei nye langsiktige avtalane som er oppnådd.

Administrasjon:

Framleis er vår største utfordring å bygge opp organisasjonen ut frå ressursar gruppa rår over, tilpassa den positive veksten og etter realistiske målsettingar. Prioriteringar for styret/tillitsvalde er å kunne klare å legge forholda (administrasjon/økonomi) best mogeleg til rette, og ivareta medlemmane sine interesser med ønska utvikling og målsetting.

Dette, og samtidig kunne arbeide med saker opp mot Idrettslaget/Kommunen og Region Vest, krev at fleire av oppgåvene må løysast på dagtid, noko som utfordrar den frivillige innsatsen. Arbeidet med å oppretthalde ønska aktivitet er med tida blitt meir omfattande og krevjande, og det er derfor sterkt å beklage at aktiviteten i ulike utval/komitear/arbeidsgrupper er redusert, og såleis ikkje fungerer som forventa.

Alternativet slik styret ser det, ut frå dagens situasjon, er om gruppa klarer forpliktingane til å kunne tilsette ein person på deltid. Dette for å kunne ivareta den positive utviklinga, oppretthalde målsettingane, samtidig få utført dei daglege gjeremåla som blir kravd internt, frå sponsorar, Førde idrettslag og Region Vest. (Dette alternativet blir fremja i eige saksframlegg til årsmøtet.)

Handballgruppa har ein stabil og aukande medlemsmasse, med foreldre/føresette som stiller opp som trenar og leiarar. For å kunne oppretthalde den store aktiviteten med mange påmeldte lag, er vi heilt avhengig av slik positiv deltaking.

Styret vil takke alle trufaste eldsjeler som legg ned mykje godt arbeid for å fremje og utvikle handballen i Førde. Vi vil gjerne takke sponsorane for velvilje, og andre medspelarar som på ulikt vis har stilt opp for handballgruppa i 2008.

For styret i FIL - Handball

Tor Opseth
- leiar -